

Referat

Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg i Nordhordland

Møte: Møte 8 - 2016
Dato/tid: 9.november kl. 09:00 - 14:00
Stad: Møterom Regionrådet
Til stades: Helga Ellingsen, Ingebjørg Søreide, Olav Mongstad, Kristin Rud Myking, Oddvin Neset, Leni Dale, Grete Herøy, Mette Fauskanger og Anne Hildegunn Færøy
Rolf Tande på sak 40/16
Ikkje møtt: Helge Kvam
Møteleiar: Helga Ellingsen
Referent: Anne Hildegunn Færøy

Saksliste:

Saksnr	Saker	VOD
9 - 11	Administrativ nemnd for NH legevakt - Møte 3 - 2016	
40/16	<p>ALIS-vest(allmennleger i spesialisering)</p> <p>- orientering om status</p> <p>Prosjektet har vert arbeidd med siste året. Det har vert fokus på å finna ut kva veg ein skal gå - om dette er noko alle kommunane skal vere med på, kva samarbeidspartar som er viktig å få med, samt økonomiske og organisatoriske rammer.</p> <p>Masfjorden og Gulen har vedtatt å vere med i prosjektet, har vert pådrivarar og har mottatt innovasjonsmidlar til prosjektet hhv frå FmH og FmSF.</p> <p>Det er gjennomført møte med Helseministeren i september. Der HB, HDS, UiB, Bergen kommune, KS m.fl var også med på møtet. KS har gitt tydlege signal om å bistå prosjektet - særleg ifht utarbeiding av avtalar m.v.</p> <p>Bergen kommune er sterkt inne og vil no ta eit hovudansvar for prosjektet. Hans Høvik, fastlege i Bergen kommune blir tilsett som prosjektleiar i 40 %. Prosjektet vert kopla til UiB som skal ha det faglege ansvaret. Det skal utarbeidast prosjektsøknad for å finansiere prosjektpilot, med tilsetting av inntil 12 legar. Finansiering av prosjektleiar skal skje gjennom ei fordeling mellom deltagande kommunar. Det har komme signal frå HOD om at det er mulig å få statlege midlar til prosjektet. Fleire kommunar har meldt interesse til å vere med. Rolf Tande ber kommunalsjefane vurdere om dette er noko andre kommunar i regionen skal delta i. Bergen kommune har tatt eit ansvar, og har sagt at dei vil sette av ressursar til å drive dette prosjektet. Dei vil sende invitasjon til kommunane i Hordaland vedr. deltaking i prosjektet.</p> <p>Det er utarbeidd ei prosjektskisse. Denne ønskjer gruppa å få tilsendt.</p> <p>Korleis ta dette vidare?</p> <p>Informasjon med invitasjon blir sendt til kommunane.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa, og ber om at status for prosjektet orientert om i Regionrådet for å få dette løfta inn til politisk nivå.</p> <p>Anne Hildegunn melder dette inn som skal til Regionrådet sitt møte 2. desember.</p>	
41/16	Godkjenning av innkalling og saksliste	

	Godkjent utan merknader	
42/16	<p>Godkjenning av referat frå Møte 7-2016, 14.oktober</p> <p>Godkjent med merknad om at Olav Mongstad ikkje - må få han med på dei som var til stades</p>	
43/16	<p>Open post</p> <p><u>Innmeldt tema:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> – Grete; korleis arbeidar kommunane med kommunale planar mot vold i nære relasjoner? – Kommunane får stadig meldingar vedr. dette <p>spør om kven i kommunane arbeider med dette? Korleis løyser ein dette - er det eit tema som kommunane bør samarbeida om?</p> <p>Leni: ingen planar for dette</p> <p>Helga: Masfjorden har utarbeidd plan for dette med tiltakskort. Samarbeid mellom Barnevern og HO-tenesta.</p> <p>Ingebjørg: Gulen har same løysinga som Masfjorden, men det er ikkje utarbeidd eigen plan.</p> <p>Mette: Har ikkje fått oversikt over Radøy. Vil ha fokus på kommunedelplanen. BV er godt fungerande, og er trygg på at dette vert godt i varetatt</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Kommunane kan sjå det som nyttig å samarbeide om dette. Vil sjå det i samanheng med handlingsplanen for HO-tenesta. Dette kan vurderast i neste møte når denne skal drøftast.</p>	D
44/16	<p>Helseleiarutdanning i kommunane</p> <p>Tilbod om å ta del i Modul 5 – juss i 2017. Sjå vedlegg.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Ikkje aktuelt for Lindås, Gulen, Austrheim</p> <p>Radøy skal vurdere.</p>	
45/16	<p>Tenester for psykisk utviklingshemma og foreldre</p> <p>Felles møteplass/nettverk/samarbeid på tvers av kommunegrensene?</p> <p>Utveksle erfaring – korleis organisere tilbod, tilsette osv.</p> <p>Helga har fått spørsmål om det er mulig å etablerer ein felles møteplass på tvers av kommunegrensene for dei som arbeider innan denne tenesta.</p> <p>Det kan vere aktuelt å samarbeide om kurs og kompetanseheving for denne gruppa.</p> <p>Kan ein sjå til nettverket for flyktningar, og erfaringane ein har frå dette?</p> <p>Austrheim: dette er eit felt der det kan vere nyttig å samarbeide innan. Mange ufaglærte i tenesta.</p> <p>Lindås kommune - Einig for funksjonshemma har lite ufaglærte innan denne tenesta.</p> <p>Samarbeider godt med foreldreforeininga(NFU) . Kommunen står ovanfor nedskjeringar, også innan denne tenesta. Dette kan gje utfordringar frametter, men som i stor grad er av organisatorisk art.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Kvar av medlemmene avklarar behovet for eit slikt nettverk i eigen kommune, og vurdere mulig kontaktperson . Dette blir sak på eit seinare møte.</p>	D
46/16	<p>Interkommunal kreftkoordinator</p> <p>Ein kort runde om status frå kom.sjefane med fokus på korleis ein pt planlegg å nytte ressursen (oppgåver). Det vert stilt spørsmål om dette er aktuelt for heile gruppa.</p> <p>Leni viste til kriterier Kreftforeininga har sett for stillinga. Desse legg føringar for stillinga.</p> <p>P.t vert det arbeidd med å lage ein arbeidsplan for 2017. Koordinator har behov for kontaktpersonar i kommunane og eit meir fast kontakt inn mot denne gruppa.</p> <p>Det vert stilt spørsmål ved om komm.sjefane kan utgjere ei referansegruppe for dette arbeidet.</p> <p>Erfaringar frå denne ordninga kan vere nyttig også for dei kommunane som ikkje er med i ordninga.</p> <p>Gruppa ønskjer å invitere kreftkoordinatoren til å gje ei status for ordninga og erfaringar frå dette arbeidet.</p> <p>Erfaringsutvekslinga mellom kommunar og felles koordinator for dei fem kommunane blir i stor grad ivaretatt gjennom nettverket for lindrande beh.</p>	D

	<p>Tilbodet blir evaluert etter 2,5 år. Etter det må det vurderast om tilbodet skal oppretthaldast.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Invitere koordinator til neste møte i komm.sjef gruppa fredag 2.desember etter lunsj (kl 13.00).</p>	
47/16	<p>Meldingssaker / eventuelt</p> <p>a. Mette Fauskanger; sp.mål vedr. utarbeiding av Lokal forskrift - sjukeheim - fagråd PLO si oppfølging av saka. Fagrådet har ikke mulighet til å ha møte før etter nyttår, og vil derfor ikke vurdere bestillinga som er sendt til dei før dette. Det medfører at ein kanskje kjem litt seint i gang med dette arbeidet dersom det skal laga ei felles forskrift for alle kommunane. <u>Konklusjon:</u> Dette vert tema på neste møte.</p> <p>b. Anne Hildegunn melder om at det vert endringar i sekretærressursen til kommunalsjefgruppa etter nyttår. Ho er blitt frikjøpt i 30% stilling til å arbeida med LKT prosjektet - eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane og Helse Bergen.</p> <p>c. Neste møte: Olav har bestilt middag til kl. 20.00. Det vert samling kl. 19.30 for litt underhaldning m.v Tentativ tidsplan for møte 1. - 2. des.</p> <p>1.des: kl. 12 - 17 - Møte inkl. lunsj kl. 17.15 - 18.30 - Felles tur i området kl. 18.30 - 19.30 - pause kl. 19.30 - underhaldning og middag</p> <p>2.des Kl. 08 09 - felles frukost Kl. 09 - 11 - styringsgruppe psyk/rus prosjekt Kl. 11 - 12 - møte Kl. 12 - 13 - lunsj Kl 13.00 - møte med kreftkoordinator for aktuelle kommunar</p>	